





KSK-notat nr.: 8/2012 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Raundalskraft AS/Bøfossen kraftverk		Middelthuns gate 29
Fylke/kommune:	Hordaland/Voss		Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign: 	Telefon: 22 95 95 95 Telefaks: 22 95 90 00
Saksbehandler:	Katarina Eftevand	Sign: 	E-post: nve@nve.no Internett: www.nve.no
Dato:	26 APR 2012		Org. nr.: NO 970 205 039 MVA
Vår ref.:	NVE 200707188-18 km/kace		Bankkonto: 0827 10 14156
Sendes til:	Søklar og uttalepartane		

Søknad om løyve til å bygge Bøfossen kraftverk i Raundalselva i Voss kommune, Hordaland fylke

Innhald

Innhald	1
Samandrag	1
Søknad	2
Høyring og distriktshandsaming	5
Søker sine kommentarar til høyringsuttalane	8
Norges vassdrags- og energidirektorat sine merknader	11
NVE si vurdering	16
NVE sin konklusjon	19

Samandrag

Søknaden frå Raundalskraft AS gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova til utbygging og drift av Bøfossen kraftverk i Raundalselva i Voss kommune, Hordaland fylke. Søknaden er handsama etter reglane i kap. 3 i same lov.

Det omsøkte prosjektet vil etter søknaden utnytte eit fall i Raundalselva mellom kote 282,20 og kote 274,20 og gi ein årleg produksjon på ca 5,7 GWh. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på 999 kW, maksimal slukeevne på 15 m³/s og minste slukeevne på 1 m³/s. Det er i søknaden lagt opp til å sleppe minstevassføring i Raundalselva på 2,76 m³/s i perioden 1. mai – 30. september, og inga minstevassføring resten av året.

Raundalselva er ei av hovudelvane til Vossavassdraget som er varig verna mot kraftutbygging i Verneplan III for vassdrag (1986).

I verna vassdrag er det opna for utbygging av minikraftverk med inntil 1 MW installert effekt. Føresetnad for å gi konsesjon er at utbygginga ikkje kjem i konflikt med vernekriteria. Verneverdiane i Vossavassdraget er knytt til vilt- og fiskeinteresser, friluftsliv, kulturminne og naturvitskap.

Voss kommune syner til vedtatt kommuneplan (2007) der det er teke inn at kommunen ønskjer å oppruste og auke utnyttingsgraden på eksisterande kraftverk og samstundes stimulera til bygging av småskala-kraftverk der dette ikkje vil verta til vesentleg skade for natur/miljø og andre samfunnsinteresser.

Kommunen syner til at Bøfossen ligg i Raundalselva som er ein del av det verna Vossavassdraget (verneplan III). I kommuneplanen er området vist som LNF område. I plan for differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune ligg Bøfossen i sone 13, der m.a. terskelbygging normalt ikkje vil kunna tillatast.

Kommunen har ikkje gjeve noko eintydig signal på om dei stetter ei utbygging som omsøkt eller ikkje.

Fylkesmannen i Hordaland rår i frå at det blir gitt løyve til bygging av Bøfossen kraftverk. Fylkesmannen meiner at utbygginga vil føre til endring av Raundalselva sitt særpreg. Dei tekniske inngrepa vil i følgje Fylkesmannen vere godt synlege og vil kunne virke negativt for opplevinga av det urørte landskapet langs Raundalselva.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til prosjektet. Vegvesenet opplysar om vanlege rutinar knyta til søknad når det gjeld etablering av avkøyring, heving av veg, osv.

Voss kajakkklubb er ikkje eintydig negativ til tiltaket, men uttrykker bekymring for korleis tiltaket vil påverke padleaktivitet i elva. Voss kajakkklubb meiner at minstevassføringa må vere langt større i dei månadane det er høgast padleaktivitet i Raundalselva (mai-august). Vidare uttalar Voss kajakkklubb at etablering av terskel er svært farleg for padlarar, men dersom NVE skulle gi løyve til bygging av terskel vil klubben oppmode til at terskelen blir utforma slik at den skapar minst mogleg fare for padlarane. Kajakklubben ønskjer også at anleggsarbeidet skal foregå utanom perioden med høgast padleaktivitet i Raundalselva, dvs. i perioden mai - august.

Nils O. Lid er positiv til prosjektet men gir uttrykk for bekymring kring eventuell flaumstigning ovanfor kraftstasjonen som følgje av utbygging.

Maryanne Tokvam er i mot utbygging i Raundalselva og vonar at eigedomen hennar ikkje blir berørt dersom Bøfossen kraftverk likevel skulle bli bygd.

Ingrid Veum uttalar at bygging av kraftverk i Raundalselva kan vere negativ for kyrkja grunna auka flaumfare og syner til at Raundalselva er verna mot kraftutbygging.

Raundalen Sokneråd er bekymra for at oppdemning som følgje av utbygginga vil føre til at kyrkje og gravplassen vert skada.

Ei utbygging etter framlagte planar vil gi om lag 5,7 GWh i ny årleg fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for minikraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor andel av ny tilgang dei seinare år. Dei to siste åra har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny fornybar energi frå små kraftverk. Dei aller fleste prosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av stor verdi eller i konflikt med verneinteressene, eller dersom de kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan det gjevast konsesjon til tiltaket. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi. Tiltaket vil også gi varige inntekter til søkjar, grunneigarane og kommunen.

Om vern av Vossavassdraget

Vassressurslova § 35, 1. ledd post 5 og 8, legg føringar for at ein eventuell konsesjon skal bygge på at verneverdiane i vassdraget er vurdert, og det skal ligge føre ei grunngjeving kvifor desse verdiane ikkje vert svekka.

Hovedkriteria som er lagt til grunn for Vossavassdraget i Verneplan III er:

- Typevassdrag for området mellom Sognefjorden og Hardangerfjorden
- Kulturminne
- Landskap
- Friluftsliv
- Landbruk
- Vassfauna
- Landfauna
- Botanikk

NVE meiner at ei utbygging av Bøfossen som omsøkt vil rokke ved dei punkta som gjeld vassdraget som typevassdrag og også ha negative verknader for landskap og friluftsliv. Etter vårt syn er desse verknadene av eit slikt omfang at kriteriet i vassressurslova § 35, 1. ledd post 5 ikkje er oppfylt. Her heiter det:

"Nye anlegg kan bare tillates viss hensynet til verneverdiene i vassdraget ikke taler imot."

NVE meiner dei negative konsekvensane i hovudsak er knytt til vassdragets status som verna vassdrag. Vassdraget har verdi som typevassdrag og ei fråføring av vatn i eit urørt vassdrag som er ei av hovudgreinane i Vossavassdraget vil etter vårt syn påverke dette vernekriteriet. Raundalselva går i markerte fossar og stryk og har stor verdi som landskapselement i Raundalen. Elva har stor betyding for friluftslivet i regionen og ei utbygging som omsøkt vil etter NVE sitt syn vere negativt både for landskapskvalitetane og friluftsinteresser, herunder brukarinteresser som kajakkpadling. Slepp av meir minstevassføring om sommaren og krav til minstevassføring også om vinteren vil etter NVE si meining ikkje avbøte dei negative verknadene i ein slik grad at det vil vege opp for desse ulempene.

I verna vassdrag skal det berre gjevast løyve til ny kraftutbygging dersom verknader i høve til verneverdiane i vassdraget ikkje i nemnande grad er negative. I Vossavassdraget er viktige omsyn til vernet knytt til vassdraget som anbefalt typevassdrag med mellom anna kontrastrikt landskap og stor betyding for friluftsliv.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering av søknaden og dei innkomne uttalane meiner NVE at utbygging av Bøfossen kraftverk vil vere i konflikt med vernestatus for vassdraget og medføre skader og ulemper for allmenne interesser som er større enn dei fordelane tiltaket vil gi.

NVE konkluderer med at det ikkje blir gitt løyve til å bygge Bøfossen kraftverk, jf. vassressurslova § 35 første ledd, post 5 og 8.

Søknad

NVE har mottatte følgende søknad fra Raundalskraft AS, datert 17.03.2008:

"Raundalskraft AS ønsker å nytte vassfallet i Raundalselva og oppattbygga Bøfossen kraftverk i Voss kommune, Hordaland fylke og søker med dette om følgende løyve:

Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Bøfossen kraftverk

Etter ureiningslova om løyve:

- Gjennomføring av tiltaket

Bøfossen kraftverk, hoveddata		
TILSIG		Hovedalternativ Ev. alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	394
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	784
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	63,1
Middelvanntføring	m ³ /s	24,9
Alminnelig lavvanntføring	m ³ /s	2.760
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	7,68
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	2,56
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	282,20
Avløp	moh.	274,20
Lengde på berørt elvestrekning	m/km	50
Brutto fallhøyde	m	8
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,01734
Slukeevne, maks	m ³ /s	15
Slukeevne, min	m ³ /s	1,0
Tilløpsrør, diameter	mm	3000
Tunnel, tverrsnitt	m ²	
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	40
Installert effekt, maks	kW	999
Brukstid	timer	5711
MAGASIN		
Magasininvolum	m ³	2000
HRV	moh.	282,2
LRV	moh.	282,2
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3,13
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	2,58
Produksjon, årlig middel	GWh	5,71
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	14,8
Utbyggingspris	kr/kWh	2,60

Bøfossen kraftverk, Elektriske anlegg

GENERATOR

Ytelse	MVA	1,2
Spenning	kV	22

TRANSFORMATOR

Ytelse	MVA	1,2
Omsetning	kV/kV	0,69/22

NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)

Lengde	km	0,4
Nominell spenning	kV	22
Kabel, TESLE 3*(1*50 mm ² Al) 24 kV	0,2 km	
Linje BLX 3*50 mm ² Al 24 kV	0,2 km	

Høyring og distriktshandsaming

NVE har motteke følgjande uttalar til søknaden:

Voss kommune uttalar i brev av 16.06.2008 følgjande:

"Saka er ikkje politisk handsama i kommunen.

I vedteken kommuneplan (2007) er det m.a. lista opp følgjande tiltak ;

- *Oppruste og auke utnyttingsgraden på eksisterande kraftverk*
- *Stimulera til bygging av småskala-kraftverk der dette ikkje vil verta til vesentleg skade for natur/miljø og andre samfunnsinteresser.*

Bøfossen ligg i Raundalselva som er ein del av det verna Vossavassdraget (verneplan III). I kommuneplanen er området vist som LNF område. I plan for differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune ligg Bøfossen i sone 13, der det m.a. terskelbygging normalt ikkje vil kunna tillatast. "

Fylkesmannen i Hordaland har gitt følgjande uttale i brev av 22.04.2008:

"Bøfossen minikraftverk er planlagd bygd i den verna delen av Vossavassdraget. Stortinget vedtok i 2005 (Inst. S. nr. 116 (2004-2005) Supplering av Verneplan for vassdrag) at det skal være mogleg å få konsesjon til bygging og drift av kraftverk med momentaneffekt opp til 1 MW i verna vassdrag. Eitt av vilkåra er at verneverdiane i det verna vassdraget ikkje vert rørt ved.

Vossavassdraget oppstraums Vangsvatnet vart verna mot kraftutbygging i Verneplan III (1984-85). Vassdraget vart verna for sine store verdier for vilt- og fiskeinteresser, friluftsliv, kulturminne og natur/landskap. Saman med vernet av nabovassdraget ville vernet av Vossavassdraget beskytte eit større, samanhengande natur- og friluftsområde.

Det er laga ein eigen differensiert forvaltningsplan for vassdraga i Voss kommune, inkludert Vossavassdraget. Her er dei ulike delane av nedslagsfelt verdivurdert ut frå prinsippa i RPR for verna vassdrag. Minikraftverk i Bøfossen skal plasserast i eit delområde der ein etter forvaltningsplanen ikkje ønskjer inngrep.

Det nye kraftverket vil ved maksimal produksjon bruke 15 m³/s. Dette vil føre til at Raundalselva i 6 av årets 12 månader (nov.-april) nesten vil bli tørrlagt jf dei hydrologiske data i søknaden. Sjølv med ei pålagt minstevassføring vil dette, over ei kortare strekning føre til ei

vesentleg endring av Raundalselva sitt særpreg. Raundalselva har svært høg vernestatus og estetisk vil alle former for inngrep, stor som små ha negativ karakter.

Sjølvs om omsøkte prosjektet kan vurderast å ha små inngrep, vil etter Fylkesmannen sin vurdering prosjekt vere i strid med det som låg til grunn for vernevedtaket. Inngrepa vil vere godt synlege både frå eksisterande veg til Mjølfjell og frå Bergensbana og vil difor kunne virke negativ for opplevinga av det urørte landskapsbilde langs med Raundalselva. Dette gjeld både kraftverksbygningen, rørgata (kanalen) og den nye vegen som må byggast. Raundalselva er eit av dei få større Vestlandsvassdraga som i svært liten grad er regulert eller utbygd.

Konklusjon

På bakgrunn av det som er sagt ovanfor vil Fylkesmannen rå frå at det blir gitt løyve til omsøkte prosjekt.

Statens Vegvesen uttalte i brev datert 25.06.2008 følgjande:

"Statens vegvesen sine interesser omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å skapa størst mogleg trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

I samband med oppattbygging av omsøkte kraftverk er det særleg tilhøva til fylkesveg 307 som er avgjerande for Statens vegvesen. Kåre Olav Aldal har tidlegare vore på synfaring i denne saka. Det vart då peika på at fylkesvegen må hevast på delar av strekkja dersom kraftverket skal etablerast. Planar for kor og korleis dette skal gjerast må godkjennast av Statens vegvesen. Det går ikkje klart fram av dei tilsendte dokumenta kor tilkomst til anlegget er tenkt. Me minner om at det ikkje er gjeve noko automatisk løyve til tilkomst eller graving i veg gjennom uttale til denne søknaden som no er på høyring. Graveløyve, løyve til ny avkjørsle eller utvida bruk av eksisterande avkjørsle må evt søkjast om."

Voss kajakkklubb uttalar i brev av 10.06.2008 følgjande:

"Voss kajakkklubb er eit idrettslag som organiserer elvepadlarar på Voss og i omegn og som ynskjer å representere elvepadlarar og deira interesser. Idrettslaget har per 22.05. 41 medlemmer men meiner å kunne representere interessene til endå fleire lokale elvepadlarar, då eit ukjend antal vel å vere uorganisert. Voss kajakkklubb er eit idrettslag tilslutta Norges Padleforbund som er eit særforbund under paraplyen Norges Idrettsforbund. Voss og Raundalselva er ein svært populær destinasjon for padlarar frå resten av landet og faktisk heile verda.

Voss kajakkklubb er ikkje eintydig negativ til dette kraftverket, då det kan produsere viktig energi utan ein uforsvarleg inngrep. Men, me ser at slik planen for kraftverket er i dag, vil det påverke vår aktivitet, og me er særleg oppteke av dei potensielle konsekvensane for tryggleiken for padlarar og farbarheten i elva for desse padlarane. Me har forslag til endringar slik at dei negative effektane på vår aktivitet ikkje vert store.

Raundalselva er den einaste av elvene på Voss som kan padlast gjennom heile vår, sommar og haust, uansett vassføring. Alle dei andre elvene får, i normale år, periodar med så lita vassføring at det ikkje vert mogeleg med noko særleg padleaktivitet. Raundalselva er og den elva i kommunen som tilbyr flest kilometer med padling som ikkje er oppstykkja av store vatn eller ufarbare stryk (frå Mjølfjell til kraftverket på Palmafossen).

Bøfossen ligg i starten av ein av dei hyppigast padla strekka i Raundalen og er ein attraksjon og kjekk padleoppleving for vidarekomne til svært dyktige padlarar. På grunn av formasjonane i elveleie er det kun mogeleg å padle Bøfossen på venstre side av fallet og på vassføring over $30\text{m}^3/\text{s}$ og opp mot $60\text{m}^3/\text{s}$. Denne påstanden er begrunna av samtalar med padlarar i klubben som fleire gongar har padla Bøfossen.

Invendingane Voss kajakkklubb har mot kraftverket slik det er planlagd i konsesjonssøknaden, er:

1. Vassføringa.

I månadane Mai, Juni, Juli og August, som er dei månadane det er høgast padleaktivitet i Raundalselva, vil ein reduksjon av vassføringa på $15\text{m}^3/\text{s}$ medføre at vassføringa mange dagar vert for låg til å trygt kunne padle Bøfossen. Me ynskjer difor at det i dei månadane med høgast aktivitet vert sikra at vassføringa ikkje vert mindre enn $30\text{m}^3/\text{s}$, med unntak av dei dagane dette hender naturleg då produksjon i kraftverket ikkje vil påverke vår aktivitet i særleg grad.

2. Terskel/demning.

Det andre punktet me vil kommentere, er bygginga av terskelen over elva som er teikna inn i søknaden. Slike rette kunstige tersklar har i fleire høve skapt svært farlege resirkulerande valser og kan gjere fossen ufarbar. Faktisk er slike dammar noko av det farlegaste ein kan komma ut for i elv og er kanskje den formasjonen som tek flest liv på verdsbasis om ein inkluderar ulykker som ikkje er forårsaka av padlarar. Dersom det er ynskjeleg med yttarlegare utgreiing om denne faren, er det mogeleg å kontakte Norges padleforbund som har betre oversikt over padleulykker som har hend i Noreg. Me vil fråråde bygging av ein slik terskel så langt som råd, men dersom dette likevel vert bygd vil me gjerne vere med i utforminga slik at terskelen vert utforma på tryggast mogeleg vis.

3. Bygging

Me er uroa over forureininga bygginga av kraftverket fører med seg, då padling av strekket rett nedanfor fossen er mykje nytta frå Mai-November. Me er og uroa over at utbetringa av vegen kan velte skarp stein ned i elva, noko som kan vere farleg for personar som ferdast i elva. Dersom kraftverket vert gjeve konsesjon, ynskjer Voss kajakkklubb at det ikkje skal føregå bygging i månadane mai, juni, juli, august, september og oktober. Dette fordi elvepadling medfører svært mykje kontakt med vatn og me difor er uroa over eventuelle helsefarer ei forureina elv vil dra med seg. Me er og mot bygging i padlesesongen fordi ei ureina elv vil forringe naturopplevinga betydeleg. Padling i ei klar elv ein utan bekymring kan drikke av, er ei av varemerkene til Raundalselva og me ser det som svært skadeleg for padledestinasjonen Voss sitt omdøme om dette skulle verte forringa i lengre tid.

Bygginga bør og føregå på ein slik måte at ikkje skarp stein havnar i elveleie. Skarp stein eller liknande frå byggeaktivitet er eit betydeleg faremoment då dette kan skade personar som ferdast i elva og utstyret deira.”

Nils O. Lid uttalte i brev av 12.06.2008:

” Viser til søknad om konsesjon for utbygging av Bøfoss kraftverk – Raundalselva

Undertegna er eier av gnr 135 bnr 1 som ligg øst for planlagte utbygging. Avstand fra inntak/kraftstasjon og opp mot min grense er ca. 250 meter. Jeg er positiv til utnyttelse av ressursene i Bøfoss slik Raundalskraft AS legger opp til.

I søknaden fremkommer at utbygging vil føre til flaumstigning ovenfor kraftstasjonen. Det er sagt at Raundalsvegen må heves. Det sies likevel ikke noe om hvor stort flomproblemet vil øke som følge av utbyggingen. I forbindelse med dette var jeg på synfaring sammen med Leif Bystøl for å diskutere om tiltaket vil føre til økt flom også opp mot min eiendom.

Ved min eiendom har Raundalselva har lagt opp store mengder elvemasser på sørsiden av elven, noe som fører til at elveløpet presser seg mot dyrka mark og foretar utgraving når elven går flomstor. For en del år siden (på slutten av 60 tallet??) ble det flyttet masser fra sørsiden av elven og bygd et slag flomvern mot dyrka mark. Dette er nå i hovedsak borte og uten virking. Noe bør derfor gjøres relativt snart. En måte kan være å fjerne en (stor) del av elvemassene på sørsiden og bruke disse f.eks i forbindelse med utbedring av Raundalsvegen.

For nærmere avklaring av disse forhold ber jeg om å bli kontaktet forut for synfaring med NVE."

Maryanne Tokvam uttaler i brev av 08.06.2008:

"Eg som næraste nabo og eigar på gnr: 132 br.nr 3 har i forbindelse med kraftutbygginga ikkje vorte tatt kontakt med, og reknar difor min eigedom som uinteressant og blir derfor ståande urørt i ei eventuell utbygging.

Ber derfor om at ikkje nokon av mine fallrettar eller anna nærtliggjande eigedom blir brukt i ein evt. utbygging.

Raundalselva er dessutan freda, og er imot utbygging"

Ingrid Veum uttaler i brev av 07.06.2008 følgende:

"Ang. Kraftutbygging "Bøfossen" i Raundalselva, Voss.

Det var i året 2005 i sept. mnd. Me fekk oppleve ein stor flaum i Raundalselva, har aldri sett det slik før. Eg tenkte på kyrkjegarden som ligg faretruande i ein flaumsituasjon, flaumvatnet var nær gravane. Om det no skulle byggast nytt kraftverk med dam og ein ny storflaum, hvem har då ansvaret ? Vil ikkje at det skal skje ting me ikkje vil sjå.

Det har vore vist til eit tidligare kraftverk i Bøfossen. Ja, det var eit kraftverk i Bøfossen, det vart bygt i 1929. Det produserte 50 kilowatt, var bygt og brukt av folket i bygda.

Det kraftverk som det no er snakk om å bygga er mange ganger større, det er ei ny kraftutbygging.

Elva i Raundalen er freda."

Søker sine kommentarer til høyringsuttalane

Søklar har i brev av 08.09.2008 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

" ...

I samband med gjenoppbygging av Bøfossen kraftverk vil Raulandskraft AS vera opptatt av å gjera dette best mogleg i tråd med verneinteressene i Raundalsvassdraget. Det er vår oppfatning at det ligg godt til rette for å få til dette.

Vi vil serleg merka følgjande;

- Utbygging vil føregå svært nære eksisterande veg og det vil derfor bli minimale inngrep i terrenget for å komma fram til byggeplassen for sjølv kraftverket*

- Det vil bli svært kort strekning med rørgate, samanlikna med dei fleste andre utbyggingane av småkraftverk
- Det er mogleg å leggja rørgata slik at denne blir sprengt ned i fjellet og ein fyller over og lagar til naturleg terreng etterpå
- Sjølv kraftstasjonsbygningen vil bli liggjande slik til at han i svært lita utstrekning vil vera synleg frå veg eller jernbane

Summen av desse forholda gjer at vi meiner det vil vera mogleg å gjera utbygginga med skånsame inngrep i terreng og vassdrag.

Vi har i tillegg fylgjande kommentarar til høyringsuttalane som har komme inn. Vi har kommentert kvar og ein nedanfor:

1. Ingrid Veum i brev av 07.06.2008

Der er pr i dag ei utfordring for dyrka mark og veg ovanfor Bøfossen når elva har periodar med flaum. Det er av denne grunn tatt høgde for at ein må heva vegen på ein lengre strekning ovanfor Bøfossen. Dette kan også sjåast i samanheng med uttalen frå Nils Lid der Raundalskraft er positive til eit samarbeid omkring eventuelle masseuttak frå elva til bruk ved heving av vegen.

Vi kan elles ikkje sjå at dei innvendingane som kjem i brev frå Ingrid Veum kan vera relevante i forhold til utbygginga av Bøfossen.

2. Maryanne Tokvam i brev av 08.06.2008

Eigedommen gnr 132 bnr 3 er ikkje rørt av utbygginga. Heimelshavar er derfor ei heller involvert i prosjektet på noverande tidspunkt. Det vil naturlegvis bli sendt nabovarsel ved ein oppstart av byggjearbeid i forbindelse med prosjektet.

3. Voss kajakkklubb i brev av 14.06.2008

Det er positivt at Raundalsvassdraget blir nytta til rafting og elvekajakk-padling. Me registrerer at brevet frå Voss kajakkklubb ikkje er underskrive med namn.

Det er vår oppfatning at ein har ei rekkje område i vassdraget der ein kan driva denne aktiviteten. Som det blir vist til i brevet så blir det forklart at det berre er under heilt spesielle forhold at ein kan padla ut Bøfossen. Det er nesten uforståeleg at det kan være mogleg å setja utfor denne fossen. Ikkje minst på grunn av at gamle betongelement/spisse gjenstandar ligg i botnen av fossen og kan vera farlege for dei padlande.

Vi har tidlegare vore i dialog med Voss Rafting. Dei har uttala klart at det er for farleg å padla i Bøfossen og at denne derfor ikkje blir brukt. Nils Lid grunneigar oppstraums Bøfossen, har også stadfesta at padlarane avsluttar ved hans eigedom og der ein ikkje padlar Bøfossen.

Vår oppfatning er at det sannsynlegvis uansett er å sjå på som farleg å padla utfor Bøfossen at andre delar av vassdraget må vera mer føremålstenlege å nytta. Vi er også av den oppfatning at dei andre delane av vassdraget på ein god måte vil kunna dekkja behovet for dei elvepadlande.

Vi ynskjer å ha eit godt samarbeid med brukarar av elva. Vi finn det imidlertid svært kategorisk å skulla krevja at arbeid i elva ikkje blir utført i perioden mai til oktober.

4. Nils 0. Lid i brev av 12.06.2008

Raundalskraft AS er positive til å samarbeida omkring dei problemstillingane som blir tatt opp i uttalen frå Nils 0. Lid. Det må vera opp til NVE kor vidt ein vil tillata slikt masseuttak av elva.

5. Voss kommune i brev av 16.06.2008

I forbindelse med prosjektering av gjenoppbygging av Bøfossen kraftverk har vi lagt til grunn av Voss kommune i sin kommuneplan er positiv til å rusta opp og auka utnyttingsgraden på eksisterende kraftverk og å stimulera til småkraftutbygging. Dette utan at det er til vesentleg skade på natur og miljø.

Vår oppfatning er at gjenoppbygging av Bøfossen kraftverk er heilt i tråd med intensjonane i kommuneplanen til Voss kommune.

Plasseringa til Bøfossen kraftverk og nærleiken til veg meiner vi vil bidra til å gjera ei skånsam utbygging mogleg.

Vi er også av den oppfatning at eit slikt kraftverkanlegg vil vera positivt å visa fram for turistar, som døme på korleis ein kan få til utbygging av rein energi i pakt med verneinteressene i eit slikt vassdrag.

6. Fylkesmannen i Hordaland i brev av 27.06.2008

I brevet frå Fylkesmannen framgår det i "kort om prosjektet" at det skal byggjast 200 m ny veg fram til kraftverket. Dette er ikkje korrekt oppfatta av Fylkesmannen. Det er minimalt behov for bygging av veg fram til kraftverket, i det vegen omtrent går rett forbi røyrgate/kraftstasjonsbygning. Dette må være tufte på ei misforståing der det må vera heving av hovudvegen på ein strekning lik ca 200 m oppstrøms Bøfossen, det her blir tenkt på.

Det blir vist i brevet frå Fylkesmannen til at kraftverket er svært godt synleg frå både riksvegen til Mjølfjell og Bergensbanen. Vi kan ikkje forstå at så er tilfelle. Dette kan dokumenterast nærmare ved synfaring på staden. Vi kan ikkje sjå at verken røyrgate, kraftstasjonsbygning eller veg (som ikkje må byggjast), kan verka negativt inn på synsinntrykket for dei som ferdast forbi på anten jernbane eller bil.

I tillegg kan nemnast at den gamle kraftstasjonsbygningen vil bli teken vare på og blir såleis ståande som eit kulturminne.

7. Statens vegvesen i brev av 25.06.2008

Vi sluttar oss til Statens vegvesen si vurdering av at vegen på oversida av kraftverket må hevast. Vår vurdering er at det ved ei ombygging av vegen vil kunna gjerast tiltak som bidreg til å auka både kvaliteten på vegen og trafikktryggleiken i området.

Vi ser fram til ei synfaring ved Bøfossen i den nærmaste tida. Det ville passa veldig fint for oss om synfaringa vart i veke 40. Vi vil imidlertid sjølvsagt tilpassa oss dei tidspunkta som NVE kjem tilbake med i høve saka."

Ingrid Veum, Maryanne og Vidar Tokvam kom med tilleggsuttale i brev etter synfaring i brev av 02.06.2010:

"Eg viser til synfaring i samband med den offentlege høyringa av konsesjonssøknad vedkomande Bøfossen kraftverk mandag 25. mai 2009.

Som Raundøling ser eg at det kan føra til uerstattlege konsekvensar for Raundalen kyrkje og kyrkjegard og uerstattleg historie kan gå tapt dersom det vert gjeve konsesjon for bygging av nytt kraftverk, herunder eit kulturminne kalla "Likhelleren", som ligg nær elva med sin gamle historie.

Det er opplyst av Bystøl, sakshandsamar til utbyggerane Bøe og Geitle, at den nye dammen i samband med nybygginga, vil bli minst 0,5 m høgare enn den tidlegare kraftverksdammen. Pr. i dag er det ingen dam i Bøfossen.

I september 2005 flaumde elva langt over sine breidder. Vatnet gjekk over vegen på utsida av kyrkja og vatnet stod på 3 kantar av kyrkjegarden. Den gongen gjekk det bra. Men kva dersom dammen då hadde vore oppbygd. Konsekvensane ville vorte dramatiske. Utviklinga har dei seinare år vore prega av store nedbørsmengder. Med tanke på utviklinga av denne type ekstremvær, må me prøva å sjå på problema i forkant.

Som eksempel på ekstremvær kan det visast til det store jordraset som gjekk på vestsida av elva i månadsskiftet juli/august 2008. Dette var eit mektig stor jord- og steinras som tok med seg bl.a. fleire stølshus og mykje skog som me framleis kan sjå langs elva og nede ved Vangsvatnet. Denne gongen gjekk det også bra for kyrkja. Konsekvensen ville ha vore ein annan dersom raset hadde møtt den påtenkte dammen. Fylgjene kunne då blitt katastrofale.

Utbyggerane er ikkje busette på gardane det vert søkt konsesjon for kraftverk. For underteikna verka det som om det kun ligg profitt i bygginga av kraftverket, og at det er tenkt lite på konsekvensane av eit slikt inngrep.

Vis kyrkje og kyrkjegarden som bygda har respekt, og la elva vera i fred! ”

Raundalen sokneråd uttalte i brev av 28.08.2009 følgjande:

”Raundalen kyrkja ligg i botnen av dalen, langs Raundalselva, ca. 800 m. aust for Bøfossen kraftverk, viser til vedlagte kart.

Ved tidlegare høg vannstand i elva, har vatnet trengt inn i grunnen der kyrkja er bygd. Raundalen kyrkje har ved 2 høve hatt skade på kyrkjegolv i kjellar - etasjen. Ein ber om at det vert teke hensyn til Raundalen kyrkja, då ein fryktar at det ved utbyggjing og oppdemning av Bøfossen kraftverk, vil føra til øydeleggjing av bl.a. kyrkje-golv m.m. i kjellar-etasjen samt gravplassen.

Ein ber om at det vert teke ei vurdering av dette. Ein ber vidare om at den vurderinga som vert fatta vert teke med evnt. godkjenning av kraftverket.”

Norges vassdrags- og energidirektorat sine merknader

Om søkjar

Søkjar er Raundalskraft AS. Selskapet er eit privat aksjeselskap eigd av grunneigarane som har fallrettar i prosjektet.

Om søknaden

Søknaden gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova til å bygge og drifte Bøfossen kraftverk. Tiltakshavar ønskjer å utnytte eit fall på 8 m i Raundalselva mellom kote 282,20 og kote 274,20 til kraftproduksjon. Kraftverket er planlagd med installert effekt på maksimalt 999 kW og vil, slik planen legg opp til, gi ein årleg produksjon på ca. 5,7 GWh. Grunngevinga for tiltaket er å skape økonomisk grunnlag for framtidig busetnad og jordbruksaktivitet i området.

Omtale av området

Raundalselva ligg i Voss kommune ved Urdland i Raundalen og er ein del av det verna Vossavassdraget. Nedbørfeltet er på 394 km². Raundalselva kjem frå fjelltraktene ved Mjølfjell. Her ligg fleire små fjellvatn og topper opp i 1604 moh. Raundalen er trong med bratte dalsider. Det finns ingen innsjø i hoveddalføret langs Raundalselva. Elva renn for det meste i fosser og stryk, ofte gjennom trange gjel. Ved tiltaksområdet er dalen meir åpen, og elva renn relativt roleg både oppstraums og nedstraums Bøfossen. Gjennom Raundalen følgjer bilveg, jernbane og kraftliner. Det finns også spredt busetnad knytt til landbruksdrift, enkelthus, hytter og hyttefelt i området.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Det vart bygd eit kraftverk i Raundalselva i 1928. Kraftverket var i drift fram til omlag 1950. Restar av kraftstasjonen står fortsatt ved Bøfossen og blir nemnt som eit kulturminne som ikkje bør fjernast. Delar av inntakskonstruksjon og damfeste står framleis, men pregar ikkje området. Tunnelen ned til kraftstasjonen er intakt.

Teknisk plan

Reguleringar

Tiltaket er ikkje planlagt med reguleringar.

Inntak

Inntaket vert tilpassa kum framfor røyr/kulvert som går i nedsprengt grøft i fjell. Kummen må vere så djup at vasstanden står så langt over inntaksrøyr/kulvert at luft ikkje vert sugd inn.

Høg på kumsider må førast over høg for utrekna flaumoverløp. Over inntakskummen vert det eit overbygg som saman med gjerde vil hindra tilkomst. Damtopp/overløp som ligg på kote 282,2 vert ført inn til kurvside og med innstøypt røyr for minstevassføring.

Røyrgate

Driftsvatnet vert ført til kraftstasjonen i eit 40 m lang røyr med diameter på ca. 3000 mm. Røyret vert grave/sprengt ned på heile strekninga. Alternativt ver det ein støypt kulvert.

Kraftstasjon

Stasjonsfundamentet skal støypast i betong, men elles skal stasjonen oppførast i betong og Trematerialar. Den får areal på ca 90 m². Høgspent transformator og tilhøyrande apparatutstyr skal plasserast i stasjonsbygget med avgrensingsvegger i betong.

Elektriske anlegg

Frå kraftstasjonen skal det leggjast 400 m 22 kV-kabel i grøft fram til Voss Energi AS sitt noverande 22 kV-nett. Grøft med kabel vil kryssa over jernbanetunnelen på staden. Utbyggjar vil oppretta avtale med Voss Energi AS om nettilknytning av Bøfossen Kraftverk.

Vegar

Frå avkøyring ved Raundalsvegen og inn til anlegget er det om lag 25 m. Dette arealet vil seinare inngå i parkerings- og oppstillingsareal. Under store flaumar kan elva gå over eit lågare parti av Raundalsvegen. Statens vegvesen påpeiker at dette vegpartiet på ca. 200 m må hevast. Søkjar har slutte seg til ei slik vurdering.

Massetak og deponi

Tiltaket medfører ikkje massetak eller deponi. Masser frå graving/sprenging av røytrase er tenkt nytta til heving av vegen.

Hydrologiske verknader

Kraftverket vil utnytte eit nedbørfelt på 394 km² ved inntaket. Middelvassføring er rekna ut til 24,9 m³/s. Årleg tilsig varierer relativt lite frå år til år. Alminneleg lågvassføring er på 2,76 m³/s, 5-persentil sommar- og vinter er rekna ut til høvesvis 7,68 og 2,56 m³/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 15 m³/s, dvs. ca. 60 % av middelvassføringa. Minste slukeevne er oppgitt til 1 m³/s. Det er foreslått ei minstevassføring på 2,76 m³/s frå 1. mai til 30. september og inga minstevassføring resten av året.

Produksjon og kostnader

Søklar har rekna ut gjennomsnittleg årleg kraftproduksjon i Bøfossen kraftverk til ca. 5,7 GWh fordelt på 3,1 GWh vinterproduksjon og 2,6 GWh sommarproduksjon. Byggekostnadene er estimert til 14,8 mill. kr. Dette gir en utbyggingspris på 2,60 kr/kWh. Kostnadene er rekna ut frå prisnivå i 2007, og det må reknast med ei viss prisauke sidan den gang.

Det vil likevel vere søklar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønsemda i prosjektet, og NVE har ikkje vesentlege merknader til utrekningane.

Arealbruk og eigedomsforhold

For å gjennomføre utbygginga vil det vere trong for ca. 1,7 daa med permanent og midlertidig areal. Søklarar Ingvald Bø og Oddny Bø eig fall- og grunnrettar som vert nytta i prosjektet.

Forholdet til offentlige planer

Kommuneplan

I kommuneplan sin arealdel er området ved Bøfossen i dag lagt ut som LNF-område.

Samla plan (SP)

Prosjektet er ikkje handsama i Samla Plan for vassdrag.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget vart mellombels verna i Verneplan III i 1986 og seinare stadfesta for varig vern i Verneplan IV i 1993. I grunngjevinga for vern av Vossavassdraget er det lagt vekt på stort naturmangfald knytt til elvelaupsform, geomorfologi, botanikk, land- og vassfauna. Vassdraget er ein viktig del av eit variert og kontrastrikt landskap frå høg fjell til lågland. Vossavassdraget vert omtala som anbefalt regionalt typevassdrag.

Gjennom handsaminga av St. prp. nr. 75, (2003-2004), som er ei supplering til verneplanane, vart det vedteke at det kan gis konsesjon for vasskraftanlegg med yting inntil 1 MW i verna vassdrag. Ein føresetnad for at det skal kunne gis konsesjon er at verneverdiane ikkje vert svekka, jf. vassressurslova § 35, post 5.

Voss kommune har i kommuneplanarbeidet fastsett slike retningslinjer for forvaltning av verna vassdrag:

6.11 Retningslinjer for differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune.

- 1. I dei verna vassdraga i kommunen (jf. temakart) skal ein leggja spesielt stor vekt på å sikra at verneinteressene som ligg til grunn for vernet ikkje vert skada. Generelt skal følgjande interesser vurderast ved søknad om ulike tiltak; biologisk mangfald, landskap, inngrepsfri natur, kulturminne, landbruk, friluftsliv og reiseliv.*
- 2. Forvaltning av vassdraga skal skje etter ei differensiert vurdering av verneverdiar og arealtilstand. I 100 m beltet til vassdrag som alt er utbygd eller/og er prega av ulike inngrep (klasse 1) skal det vera lettare å få godkjent nye tiltak enn i vassdrag som har mindre inngrep (klasse 2) eller vassdrag som framstår som tilnærma urørde (klasse 3). Viktige friluftsområde/grøntområde i sentrumsområde skal likevel skjermast for inngrep som kan skade desse verdiane.*
- 3. Det skal leggjast stor vekt på å oppretthalde og reetablere funksjonelle strandsoner langs vassdraga i kommunen. Omsyn til verneverdiar og ålmenn tilgang for friluftslivet (jf. friluftsliva) skal leggjast til grunn.*
- 4. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk skal leggjast til grunn i sakshandsaminga.*

Inngrepsfrie område (INON)

Tiltaket vil ikkje medføre noko reduksjon av inngrepsfrie naturområde.

Nasjonale laksevassdrag

Vossavassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag, men Raundalselva har ikkje anadrom fisk og tiltaket vil ikkje berøre lakseinteresser lenger ned i vassdraget. Tiltaket er følgeleg ikkje i konflikt for dei retningslinjer som ligg føre for forvaltning av nasjonale laksevassdrag.

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg vert søknaden sendt lokale mynde og interesseorganisasjonar. NVE var på synfaring i området den 18.06.2009 saman med representantar for søkjaren, kommunen, grunneigarar og Voss kajakklubb. Høyringsuttalane er lagt fram for søkjaren for kommentar.

Voss kommune syner til vedtatt kommuneplan (2007) der det er teke inn at kommunen ønskjer å oppruste og auke utnyttingsgraden på eksisterande kraftverk og samstundes stimulera til bygging av småskala-kraftverk der dette ikkje vil verta til vesentleg skade for natur/miljø og andre samfunnsinteresser.

Kommunen syner til at Bøfossen ligg i Raundalselva som er ein del av det verna Vossavassdraget (verneplan III). I kommuneplanen er området vist som LNF område. I plan for differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune ligg Bøfossen i sone 13, der det m.a. terskelbygging normalt ikkje vil kunna tillatast.

Kommunen har ikkje gjeve noko eintydig signal på om dei stetter ei utbygging som omsøkt eller ikkje.

Fylkesmannen i Hordaland rår i frå at det bli gitt løyve til bygging av Bøfossen kraftverk. Fylkesmannen meiner at utbygginga vil føre til endring av Raundalselva sitt særpreg. Dei tekniske inngrepa vil i følgje Fylkesmannen vere godt synlege og vil kunne virke negativt for opplevinga av det urørte landskapet langs Raundalselva.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til prosjektet. Vegvesenet opplysar om vanlege rutinar knyta til søknad når det gjeld etablering av avkøyring, heving av veg, osv.

Voss kajakkklubb er ikkje eintydig negativ til tiltaket, men uttrykker bekymring for korleis tiltaket vil påverke padleaktivitet i elva. Voss kajakkklubb meiner at vassføringa må vere langt større enn omsøkt i dei månadane det er høgast padleaktivitet i Raundalselva (mai-august). Vidare uttalar Voss kajakkklubb at etablering av terskel er svært farleg for padlarar, men dersom NVE skulle gi løyve til bygging av terskel vil klubben oppmode til at terskel blir utforma slik at den skapar minst mogleg fare for padlarane. Kajakklubben ønskjer også at anleggsarbeidet skal foregå utanom perioden med høgast padleaktivitet i Raundalselva, dvs. i perioden mai - august.

Nils O. Lid er positiv til prosjektet men gir uttrykk for bekymring kring eventuell flaumstigning ovanfor kraftstasjonen som følgje av utbygging.

Maryanne Tokvam er i mot utbygging i Raundalselva og vonar at eigedomen hennar ikkje blir berørt dersom Bøfossen kraftverk likevel skulle bli bygd.

Ingrid Veum uttalar at bygging av kraftverk i Raundalselva kan vere negativ for kyrkja grunna auka flaumfare og syner til at Raundalselva er verna mot kraftutbygging.

Raundalen Sokneråd er bekymra for at oppdemning som følgje av utbygginga vil føre til at kyrkje og gravplassen vert skada.

Tiltaket sine verknader

Nedanfor er det gitt ei oversikt over kva NVE vurderer som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordeler

- Prosjektet vil i følgje søknaden gi ca. 5,7 GWh i ny årleg fornybar energiproduksjon.
- Prosjektet kan gi både lokalt og regionalt energitilskott og bidra med inntekter til grunneigarar, samt skatteinntekter til Voss kommune.

Ulemper

- Ein utbygging vil medføre ei tidvis sterkt redusert vassføring i Raundalselva på den planlagt utbygde strekninga. Om vinteren vil elva jamnleg vere heilt turrlagd på utbygningsstrekka.
- Bøfossen ligg i ei av hovudgreinene i det verna Vossavassdraget. Ei utbygging vil påverke vassdraget si verdi som eit typevassdrag.
- Dei tekniske inngrepa vil i noko grad redusere opplevinga av elva med nærområde i anleggsfasen.
- Ei utbygging vil avgrense moglegheiter for padling i Bøfossen.

NVE si vurdering

Søknaden gjeld bygging og drift av eit minikraftverk i Raundalselva som inngår i det verna Vossavassdraget. Vassdraget vart mellombels verna i Vp III (1986), varig verna gjennom handsaming av verneplan IV i 1993.

Dersom det skal gjevast konsesjon til kraftverk i verna vassdrag er det krav om at installert effekt ikkje skal vere større enn 1 MW. Vidare skal det ved ein konsesjon vere gitt ei vurdering av verdiane i vassdraget med grunngjeving for kvifor desse verdiane ikkje vert svekka, jf. vassressurslova § 35, post 5 og 8. Om desse krava er oppfylte skal vassdragsmyndigheita vurdere om fordelane ved tiltaket er større enn ulempene for private og allmenne interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Det kan i så fall gis løyve i medhald av vassressurslova § 8. Til eit slikt løyve skal det fastsettast vilkår for bygging og drift av anlegget.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Nedbørfeltet for det planlagde kraftverket er på 394 km² og middelvassføringa er på 24,9 m³/s. Alminneleg lågvassføring er rekna til 2,76 m³/s. 5-persentil vassføring sommar/vinter er rekna til 7,68/2,76 m³/s. Karakteristisk for nedbørfeltet, som har større høgtliggande areal, er stor vassføring i smelteperioden mai – juli og ofte stor vassføring om hausten i periodar med mykje nedbør.

Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 15 m³/s, tilsvarende ca. 60 % av middelvassføringa. I perioden mai – august vil vassuttaket tilsvare ca 30 % av middelvassføringa.

Søklar legg opp til slepp av minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring i perioden frå 1.5 til 30.9. På grunn av fare for ising i inntaket ynskjer tiltakshavar å sleppe krav om minstevassføring i perioden frå 1.10 til 30.4.

Etter utbygging vil tal dagar med vassføring større enn maksimal slukeevne vere 186 i middels år, medan tal dagar med vassføring mindre enn summen av minste slukeevne og foreslått minstevassføring vil vere 82.

NVE meiner at i eit verna vassdrag er det spesielt viktig å oppretthalde ei restvassføring som sikrar at elva framleis framstår som hovudelement i vassdragsnaturen, og samstundes bør slukeevna i kraftverket ikkje vere større enn at det vil vere lengre periodar med overlaup på inntaksdammen. NVE vurderer det slik at med eit maksimal vassuttak som omsøkt på 60 % av middelvassføringa, vil dette føre til at dynamikken i elva blir vesentleg endra, spesielt i periodar med lite nedbør. Vi har også merka oss at det ikkje er foreslått å sleppe minstevassføring frå oktober til april. Sjølv om det er frå oktober til desember vil bli ein del overlaup i flomsituasjonar, vil elva i store delar innafor denne perioden vere turrlagd.

NVE meiner samla sett at ei utbygging slik som omsøkt, med ei relativt høg slukeevne til å vere i verna vassdrag, ei minstevassføring i storleiksorten alminneleg lågvassføring i sommarsesongen og ikkje slepp av minstevassføring om vinteren, i seg sjølv ikkje tek omsyn til å vere varsom med å utnytte ei for stor del av vassføringa i eit vassdrag verna mot kraftutbygging. Etter vårt syn vil ei slik utnytting gjere at kraftutbygging framstår som eit hovudelement på denne strekkja.

Flaumstigning

Det er i einskilte høyringsfråsegner uttrykt otte for at inntaksdammen skal medføre verknader som gir problem med høgare flaumvasstand oppstrøms. Det er vist til at ein slik situasjon kan råke både

jordbruksareal og området ved kyrkja. NVE vurderer planane som er lagt fram slik at inntaksdammen/-terskelen ikkje skal gi slike verknader som er peika på.

Biologisk mangfold

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova vert gjort gjeldande frå 1.juli 2009. Lova fastsett forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem, og lovfestar ei rekke miljørettslege prinsipp, m.a. "føre-var" prinsippet, prinsippet om økosystemforvaltning og samla påverknad. Naturmangfaldlova legg føringar for styresmakter der det vert gitt løyve til anlegg som vil kunne få verknad for naturmangfaldet. Etter NVE sitt syn blir føremålet i naturmangfaldlova i praksis ivareteke gjennom dei grundige prosessane og vurderingane som ligg til grunn for eit konsesjonsvedtak etter vassressurslova.

I NVE si vurdering av søknaden om bygging av Bøfossen kraftverk legg vi til grunn krav etter §§ 8-12. Eit positivt vedtak må bygge på at fordelar og nytte av å gjennomføre tiltaket blir vurdert til å vere større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser. Verknader som tiltaket kan medføre for naturmangfaldet er eit sentral tema i denne vurderinga.

Biologisk mangfald rapport utarbeidd av Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser i januar 2007 er lagt ved søknaden. NVE har 25.04.2012 søkt i artsdatabanken og Naturbasen utan å ha funne registrerte verdiar i desse databasane.

Langs sørsida av Bøfossen er det registrert ei mindre fossesprøytsone med lokal verdi. NVRE meiner at denne vil kunne ivaretakast med avgrensa slukeevne i kraftverket og ei fastsett minstevassføring. Det er registrert raudlista fugleartar i influensområdet, men ikkje raudlista planteartar eller viktige vegetasjonstypar. Av artar knytt direkte til elvestrengen finns det fossefall, linerle og mink. Tiltaket er vurdert til å ikkje ha nemneverdige negative konsekvensar for biologisk mangfald. På bakgrunn av dette meiner vi at krava til kunnskap om konsekvensar ved tiltaket for enkeltartar, artsmangfald og naturtypar er oppfylt, jf. nmfl. § 8.

NVE meiner vidare at planlagt utbygging i Bøfossen ikkje vil medføre særskilde negative verknader for sårbare artar, naturtypar eller økosystem lokalt eller regionalt, jf. nmfl. §§ 4, 5 og 10. Det er vidare NVE si oppfatning at nmfl. § 11 om at det er tiltakshavar sitt ansvar å dekke kostnadane ved miljøforverring, og nmfl. § 12 om bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, vert ivareteke gjennom konsesjonsvilkår, godkjenning av detaljplanar og oppfølging gjennom utbygginga av anlegget og seinare ved tilsyn i driftsperioden.

Fisk og ferskvassbiologi

Det er lokal bestand av innlandsaure i Raundalselva jf. rapport om biologisk mangfald. Fiske blir ikkje påverka, då det ikkje står fisk i sjøve fossefallet. Hølen under fossen er så djup at redusert vassføring ikkje forringe vil levekåra for fisk og ei god vassføring heile året vil sikre vandringstilhøva.

I anleggsfasen vert fiske i hølen nedanfor kraftstasjonen påverka. I driftsfasen vert fiske ikkje påverka. NVE meiner at for ei avgrensa anleggsperiode er ikkje dette avgjerande for konsesjonsvurderinga.

Landskap og friluftsliv

Vektlegging av landskapet var eit viktig omsyn i grunngevinga for vern av Vossavassdraget. Raundalselva renn for det meste i fossar og stryk, gjennom tronge gjel. Landskapet langs med Raundalselva framstår som relativt urørt, men er vurdert til å ha middels verdi.

Bøfossen med stor vassføring i seg sjølv kan opplevast som eit mektig naturelement. Opplevinga er størst i det nære området til elvestrekkja. Som del av eit større dalrom blir fossen eit mindre sentralt landskapselement. Utbygginga reduserer vassføringa gjennom sjølve fossestryket. Vassdraget er omtalt som typevassdrag som representerer vestlandselver - frå Vangsvatnet til fjell prega av fossar og stryk. Ei utbygging av Bøfossen i Raundalselva som omsøkt vil etter vårt syn punktere opplevinga av eit urørt vassdrag som er ei av hovudgreinene i Vossavassdraget og vil som følge av dette vere i konflikt med verneinteressene, både gjennom at vassdraget som typevassdrag vert påverka og fordi landskapsopplevinga vert redusert lokalt.

Raundalselva er nytta til padling, jf. uttale frå Voss kajakkklubb, og dei meiner det minst bør vere ei minstevassføring på 30 m³/s for å sikre padleinteressene. Vi konstaterer at søkjar ikkje har opna for auka minstevassføring i sin kommentar til uttalen frå kajakkklubben. Ut frå at alminneleg lågvassføring er på same nivå som 5-persentilverdi for vintervassføringa, er vi samd med kajakkklubben i at dette er alt for lågt for å ivareta padleinteresser, som er å anse som ei friluftsinteresse. NVE meiner at det vil vere behov for ei større minstevassføring enn omsøkt for å kunne ivareta padlarane sine interesser.

Kajakkklubben uttrykker også otte for at inntaksterskelen vil kunne vere eit problem for utøving av padling, men likevel ikkje verre enn at dersom dei får vere med i detaljutforminga, så vil dette kunne løysast. NVE legg difor til grunn at ved ein ev. konsesjon skal kajakkklubben vere involvert ved utforming av inntaksterskel.

Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Den gamle kraftstasjonsbygningen, som vart bygd i 1928 er omtala som eit verneverdig kulturminne. Søkjar har planar om å sikre den gamle bygningen og la den stå som fortidsminne. NVE meiner at tiltak for å sikre det som er kulturhistorisk interessant kan leggst inn som del av detaljplanane for utbygginga.

Samfunnsmessige verknader

NVE ser at produksjon av fornybar energi, utnytting av lokale ressursar vil vere positive samfunnsmessige verknader ved ei eventuell utbygging av Raundalselva. Lokal verdiskaping i anleggsperioden er også blant verknader som NVE vurderer som positive ved ei utbygging.

Oppsummering

Ei utbygging etter framlagte planar vil gi om lag 5,7 GWh i ny årleg fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for minikraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samla sett ein stor andel av ny tilgang dei seinare år. Dei to siste åra har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny fornybar energi frå små kraftverk. Dei aller fleste prosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av stor verdi eller i konflikt med verneinteressene, eller dersom de kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan det gjevast konsesjon til tiltaket. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi. Tiltaket vil også gi varige inntekter til søkjar, grunneigarane og kommunen.

Om vern av Vossavassdraget

Vassressurslova § 35, 1. ledd post 5 og 8, legg føringar for at ein eventuell konsesjon skal bygge på at verneverdiane i vassdraget er vurdert, og det skal ligge føre ei grunngjeving kvifor desse verdiane ikkje vert svekka.

Hovedkriteria som er lagt til grunn for Vossavassdraget i Verneplan III er:

- Typevassdrag for området mellom Sognefjorden og Hardangerfjorden
- Kulturminne
- Landskap
- Friluftsliv
- Landbruk
- Vassfauna
- Landfauna
- Botanikk

Som det går fram av vår vurdering foran, så meiner NVE at ei utbygging av Bøfossen som omsøkt vil rokke ved dei punkta som gjeld vassdraget som typevassdrag og også ha negative verknader for landskap og friluftsliv. Etter vårt syn er desse verknadene av eit slikt omfang at kriteriet i vassressurslova § 35, 1. ledd post 5 ikkje er oppfylt. Her heiter det:

"Nye anlegg kan bare tillates viss hensynet til verneverdiene i vassdraget ikke taler imot."

NVE meiner dei negative konsekvensane i hovudsak er knytt til vassdragets status som verna vassdrag. Vassdraget har verdi som typevassdrag og ei fråføring av vatn i eit urørt vassdrag som er ei av hovudgreinane i Vossavassdraget vil etter vårt syn påverke dette vernekriteriet. Raundalselva går i markerte fossar og stryk og har stor verdi som landskapselement i Raundalen. Elva har stor betyding for friluftslivet i regionen og ei utbygging som omsøkt vil etter NVE sitt syn vere negativt både for landskapskvalitetane og friluftsinnteresser, herunder brukarinteresser som kajakkpadling. Slepp av meir minstevassføring om sommaren og krav til minstevassføring også om vinteren vil etter NVE si meining ikkje avbøte dei negative verknadene i ein slik grad at det vil vege opp for desse ulempene.

I verna vassdrag skal det berre gjevast løyve til ny kraftutbygging dersom verknader i høve til verneverdiane i vassdraget ikkje i nemnande grad er negative. I Vossavassdraget er viktige omsyn til vernet knytt til vassdraget som anbefalt typevassdrag med mellom anna kontrastrikt landskap og stor betyding for friluftsliv.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering av søknaden og dei innkomne uttalane meiner NVE at utbygging av Bøfossen kraftverk vil vere i konflikt med vernestatus for vassdraget og medføre skader og ulemper for allmenne interesser som er større enn dei fordelane tiltaket vil gi.

NVE konkluderer med at det ikkje blir gitt løyve til å bygge Bøfossen kraftverk, jf. vassressurslova § 35 første ledd, post 5 og 8.

Dette vedtaket gjeld kun løyve etter vassressurslova.

Andre tilhøve som er teke opp er ikkje omtala, då det i større grad er knyta til utforming av vilkår. Grunna NVE sin konklusjon er ikkje desse nærare drøfta.